

Vedlegg 1:

MAL FOR RAPPORTERING av sak om moglege brot på anerkjende forskningsetiske normer

Bruk av malen er frivillig. Rettleiing til punkta i malen følgjer nedanfor.

1. Namnet til institusjonen
<i>[skriv her]</i>
2. Arkivsaknummer for rapporten
<i>[skriv her]</i>
3. Rapporten blir send til:
post@etikkom.no

4. Kva brot på anerkjende forskningsetiske normer gjeld saka?
<i>[skriv her]</i>

5. Vurdering av alvorsgrada
<i>[skriv her]</i>

6. Vurderingane til institusjonen - Kopi av uttalen frå institusjonen
<i>[skriv her]</i>

7. Tiltak – oppfølginga til institusjonen
<i>[skriv her]</i>

8. Sakshandsaminga til institusjonen
<i>[skriv her]</i>

9. Andre kommentarar eller merknader
<i>[skriv her]</i>

Dato:

Stad:

Sign. eller elektronisk godkjenning:

[godkjent av person med myndigheit for institusjonen i saker om vitskapleg ureielegheit]

Brukarrettleiing til malen:

Til 4. Kva brot på anerkjende forskingsetiske normer gjeld saka?

Forskingsetiske normer kan vera internasjonale, nasjonale og fagspesifikke. Det må komma fram kva normer som er lagt til grunn for behandlinga til institusjonen av saka.

Døme på anerkjende forskingsetiske normer: Retningslinjer utarbeidde av NESH og NENT, European Code of Conduct for Research Integrity, retningslinjer utarbeidd av organisasjonar som American Psychological Association (APA), International Union for Pure and Applied Ethics (IUPAP), International Committee of Medical Journal Editors (ICMJE, også kjent som Vancouver-gruppa) osv.

Døme på rapportering i punkt 4:

«Førespurnaden frå [person x] gjaldt boka [A] skrive av [person y]. Person x viste til at illustrasjonane på sidene [ee] og [ff] var henta frå artikkel [B] utan tilvisingar, og at deler av teksten var parafrasert frå artikkel [C] utan tilvisingar. Etter ei innleiande vurdering av merknadene, kom institusjonen til at førespurnaden gjaldt moglege brot på anerkjende forskingsetiske normer i form av plagiat og manglande tilvisingar, jf. retningslinjene nr. 27 og 26 i NESH 2016.»

Til 5. Vurdering av alvorsgrada

Institusjonen må gjera ei konkret vurdering av alvorsgrada til dei moglege brota. Viss saka ikkje gjeld alvorlege brot på anerkjende forskingsetiske normer, skal saka behandlast som snusksak ved institusjonen i samsvar med retningslinjene til institusjonen, jf. forskningsetikklova § 6 tredje ledd. Slike saker skal ikkje rapporterast til Granskingsutvalget etter forskningsetikklova § 6 fjerde ledd.

Døme på rapportering:

«Omfanget av plagiatskuldningane tilsa at saka vart behandla som ei sak om moglege alvorlege brot på anerkjende forskingsetiske normer. I tillegg var det openbert at illustrasjonane var nytta utan tilvisingar og at namnet på den som hadde utarbeidd illustrasjonane var fjerna frå i bok [A].»

Til 6. Vurderingane til institusjonen - Kopi av uttalen frå institusjonen

Institusjonen eller reielegheitsutvalet ved institusjonen skal gi utsegner i alle saker om ureielegheit, jf. forskningsetikklova § 8 første ledd. Uttalen blir lasta opp som vedlegg til rapporten til Granskingsutvalget.

Dersom uttalen ikkje blir lagd ved rapporten, må vurderingane til institusjonen og grunngitte konklusjonar for kvart av vilkåra og for heilskapen komma fram av rapporten som blir send til Granskingsutvalget.

Det må komma fram av rapporten eller uttalen kva vurderingar og konklusjonar institusjonen i og for seg sluttar seg til.

Til 7. Tiltak – oppfølginga til institusjonen

Gi ei kort forklaring for kva tiltak som på rapporteringstidspunktet er gjennomførte eller vedtekne gjennomførte som følgje av saka. Dette gjeld tiltak retta mot enkeltpersonar og tiltak retta mot heile eller deler av institusjonen. Det er berre tiltaka det skal orienterast om, ikkje personen(e) dei er retta mot. Dersom det framleis er til vurdering om tiltak skal setjast i verk, blir det opplyst om prosessen her.

Døme på tiltak kkan vera oppmoding om tilbaketrekking av artikkel/notifikasjon til tidsskrift eller forlag, arbeidsrettslege reaksjonar eller andre disiplinærreaksjonar, opplæring eller kurs mv i forskningsetikk, endring av rutinar eller retningslinjer for forskningsetikk eller for behandling av saker om ureielegheit, organisatoriske endringar osb.

Til 8. Sakshandsaminga til institusjonen

Gi ei oversiktleg framstilling av handsaminga i saka på institusjonen og med tilvisingar til retningslinjene til institusjonen e.l. for behandling av saker om ureielegheit, jf. forskningsetikklova § 6 andre ledd. Nedanfor følgjer tre døme på korleis sakshandsaminga kan rapporterast:

Eksempel 1:

<i>Hending</i>	<i>Dato</i>	<i>Ansvarleg</i>	<i>Retningslinje for sakshandsaming</i>	<i>Merknad</i>
<i>Førespurnad frå professor x</i>	<i>24.12.17</i>	<i>ABI</i>	<i>Punkt 1.4</i>	<i>Arkivert og journalført</i>
<i>Avklaring av saksforholdet</i>	<i>28.12.17</i>	<i>ABI</i>	<i>Punkt 1.5</i>	<i>Moglege brot på retningslinjene nr. 26 og 27 i NESH 2016</i>
<i>Avklaring av alvorsgrad</i>	<i>28.12.17</i>	<i>Rektor</i>	<i>Punkt 1.5</i>	<i>Moglege alvorlege b</i>
<i>Innkлага blir informert og får kopi av førespurnaden</i>	<i>28.12.17</i>	<i>ABI</i>	<i>Punkt 1.6</i>	<i>Frist for skriftleg tilbakemelding 28.1.18. Tilbod om møte med rektor.</i>
<i>Møte mellom klager, innklaga og rektor</i>	<i>20.1.18</i>	<i>Rektor</i>		<i>Innkлага erkjenner forholdet. Semje om løysing.</i>
<i>Uttale</i>	<i>31.1.18</i>	<i>Rektor</i>	<i>Punkt 3.1, jf. forskningsetikklova § 8</i>	<i>Vitskapleg ureielegheit</i>

Døme 2:

«Institusjonen har behandla førespurnaden i samsvar med Retningslinjer for behandling av saker om ureielegheit ved [namn på institusjonen], fastsett av styret [dato]. Retningslinjene er vedlagde. Behandlinga har følgd retningslinjene som gjeld for behandling av saker om moglege alvorlege brot på anerkjende forskningsetiske normer, dvs. punkta [snipp, snapp, snute] i retningslinjene. Den

innklaga forskaren har erkjent forholdet, og partane har komme fram til ei minneleg løysing som institusjonen sluttar seg til. Saka har derfor ikkje vorte presentert for ureielegheitsutvalet.»

Døme 3:

«Heile saksgangen og saksbehandlinga kjem fram av uttalen datert [dato], som er vedlagt. Rektoratet sluttar seg til innhaldet i uttalen. Vennleg helsing R. Ektor.»

Til 9. Andre kommentarar eller merknader

Her er det plass til kommentarar og merknader som ikkje passar inn i andre punkt i malen. Opplysningar som kan ha interesse for andre institusjonars handsaming av slike saker vil vera av særleg interesse. Dette kan til dømes vera erfaringar frå sakshandsaminga, spørsmål knytt til lovtolking, uvisse eller uklarleik om forskingsetiske normer, behov for rettleiing om sakshandsaming eller forskingsetikk osb.